Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Fylke: Sör Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Vinje i Hemne

Emne: Höytransport Bygdelag: Sövasdalen

Oppskr. av: Guri Lomundal Gard: Vössli

(adresse): Vössli brevhus G.nr. 125 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja. Men og etter bessfar min

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Om höytransporten har eg haurt
gjinse av gamle folk som no for
lengst er död. Bessfar min som
var fött paa garden Södal i Vinje
herad i Hemne (Vinje vart först eige
herad utskilt fraa Hemne for 20 aar sia)
fött 1817. Hans fulde namn Nils
Larsen Södal. Han fortalte om marka-
sloatt og höydraging i di bratte lier
i Södala, der det no er bere jeitham.
Men ellers held denne bruksmoalen
seg baade her paa garden Vösslia
og mange andre smaabruk der det
er bratlent. Höye blir dragast etter
slo-glenner akurat som for 100 aar
sia. [illegible] eg har i mange aar sjöl
varre med paa denne gamle pri-
mitive moalen. Om vinteren dreg dem det
fraa höybuene langst oppunder fjelle, i smaa
lass, som er lakt enten paa ein lang björka-koll
med treakista under og höy-longa over, aku-
rat som om somarn. Men om vinteren er
det og bruka ei greim, paalag 1/2 mtr.
brei og dubbelt saa lang. Remman i

339

2

grinna & i lall kan vera ein 15 sentim. brei. Tverbre poa kvar ende lyt vara slike og forseggjort. Poa ei slik grinn kan ein less mykji mer, enn poa ein björkakoll. Noar det soa er godt opp-tonga, er det lett aa dra, etter eit laug i framenden. Ja slik har det vist vorre drege höy, der det er bratlendt, heilt fraa eldgamel tid. Men för bruka dem via og vi-band der det no er bruka laug. Det er vist einaste skilnaden. Eg minnest godt at folk poa baade smoa og store bruk, ha store henker med fine oparbeidde via (vidjer). Og likeins nestinga som er gjort av ei enkelt vi slik at det bli dubbelt og lagar ein ring med laas som held ringen samen. Slike nestingar laut settast poa ein kabbe som smalnar aat övre endan slik at baade smoa og store nestingar kan kneppast poa medan dei er ferske. Da tek dei form. Slike kabbar kalldst "nesting kabbe," og fanntest poa kvar gard. Nesting og via, kunde bruktast til mangt poa ein gard, men serleg var dem nödvendig i höyjdraginga. Og om folk skulde arbei opp slikt etter kvart dem trong det, vilde det seinke arbeije. Husmen og hestlause folk kunde og laga seg vi-meis til aa bera höy noar vegen til höybua ikkje var fol lang. Men det hende vist ikkje ofte. Eg har set ei einaste slik meis; men ikkje i bruk. Det var omkring 1885. Men slikt har vist ikkje vorre bruka her i bygda di siste hundre oar.

339

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

# Transport av höy

Den eldste maaten aa faa höye i hus paa, har nok vore aa kjöre det for dem som ha hest. Husmend og smaafolk bar det i hus i „Sveggu" Det var ein passeleg lang og mjuk björkasvei eller kvist som höye vart lakt paa med smaa lauvkvista lakt andre vegen end „Sveggan". Saa tok dem toppenden av „Sveggan" og laga ein knute eller ei lykkje og smette saa den tjukkaste enden av „Sveggan" jönnom denne lykkja. Fik saa böra paa ryggen og bar det etter denne tjukkenden. Men dem som ha hest leste först op Slotass det vil sei, ei ung björk, med nokre tverkvista over og la höye oppaa der kjemme for kjemme. 8–9 kjemmo paa lasse. Var det fint smaat for laut kjema leggast med omlankke Först ei paa kvar ende, saa to i millen men kvar litegran aat sia: Le-kjem. Og slik opover, til 8–9. Saa var det aa legg paa „tonga": Ei einfelt sjölvakse björkakluft men forsegjort og lett. I den enden som var samen vakse var det laga eit hol med eit langt vi-band i og ein nestling av via i enden. Denne nestlingen vart knept paa groenden av björka som höye var lest paa. Paa andre enden av „Tonga" var eit sterkt tver-tre med eit laag eller eit vie-band over.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Det var til aa setle fast i andre enden av losse over „Kollen" paa björka som höye laag paa. Og soa töy aat lart losse sat godt samen og tolde aa bli drege om marklende var alder aa steinot. Aa betl samen eit slikt loss kallast aa „tong=aat losse. Det seie seg sjöl at baade tonga og vi=banda laut vara sers forseg gort om det skulde aat paakjenninga. Det vart gjerne lest op mange slike loss som laut vent paa kjöring. Og da laut ein bruka riva fint og rart paa kvart loss, og raka samen laausköye og kjem det op og legg det fast samen paa toppen av losse. Men kvart loss vart „op=tonga" eller kvart dem vart kjaurt

Vogne var alder bruka i utmarken og smaaengen. Men bere „kregnei-slea" Sleaulen jamsköing. Somars dag var aldrig anna slea bruka. Vogn fantest knapt paa garan i Tlemma for ein 100 aar sia. Bere „Korsdesjonerte" aatte vogn til jestbruk. Naar höyinga var slut kom kjöringa: Moatte jamnast vera to om det. Kjaur da hest og slea op paa sia av losse og vella först losse soa det sto paa kant eller langs, Trekt saa slean godt att=aat losse og vella det paa slean. Men sjölvsakt laut det först vera godt „Tonga". Saa vart det sett eit reip eller eit vi=band tvert over baade losse og overdelen paa slean og trekt aat og sett godt fast i reip=hegda som er

-339

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sjölvokoa bjørka=lykje i eine enden av reipe. Da kunde dem eine kam kjör losse heim eller til höy bua. Den andre, som kunde vera ein gutonge eller og eit kvinfolk saka soa samen "op-take" (höye som lig igjen der eit loss har stoat) og bar det til neste loss og la det forsiktig oppa der. Hadde han ei ledig "Tong" og ellers makta det kunde han tong op dette losse laat kjöraren kom att. Var det mykje höy=kjöring laut det vera baade to og tri til oa dra toa "höye i bua eller i laaostaale. Og det arbeie var rekna for det tyngste. Kjörbru er ikkje soa gamelt her i Hemna. Kansje 60-70 aar. Ja det finst mange bruk enno som har bere gameldags lemkloppsom ikkje gjar höger end golve poa höylemmen. Og da er det eit hart slit og tak höye poa golve op poa ein höy "stabbe" ja heilt opunder take til slutt naar det er liten plads. Og det er det jamt over i gamle hus. Naar marklende er slik at det er umulig oa bruk hest lyt slo=losse tongast serdjelt godt op og dragast. Eit sterkt taug bli festa i tjukenden poa björka det er lest poa. Og soa bli det drege etter "slo=glenna". I slikt marklende lyt höylosse bere ploserast all me kvar slo=glenna. Ein poar heller bere kvar kjömma i lengde laget.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Til all slags höyjing og höytrans poss laut nok alle verd med heill ned til 10-aaringen. I gamle dagar dreiv alle baade store og smaa garsbruk ~~dreiv~~ markaslaat. Slik for ein 40-50 aar sia. Men enno er det slett ikkje heill slutt. Dem som driv garden med eiga hjelp sler nok eit bustett no og da. Om vinteren vart höyje kjört poa slea med jarnskoeing. Da var det, heilt til for 10-20 aar sia ikkje bruka höyj-grind men bere lange mjuke björkastenger lakt poa kvar sie av lasse 3-4 poa kvar sie og likeeins i beggen ender. Soa vart det „tuga aat" med 2 eller 3 reip. Det skulde vanleg goa 3 somarloss por eit vinterloss. Slike lange björkastenger kalla dem for „höyjra" og vart bruka di sommo heile vinteren eller og aar etter aar. Mange ha soa lang veg aa kjör at dem laut ut i 3'ka om morgon og kom heim 5-6 om kvelden. No er höyjgrinda leke i bruk, baade somar og vinter. Folk som ikkje ha hest laut leie seg hest til vinterkjöring. Da var det vanleg at han som leigde hesten, skar ein meling aaker for aa foa kjaurt eit loss höy poa lang-marken. Eller han kunde arbei ein dag eller to i sloatonna for aa foa kjaurt eit slikt loss eller som ein vart forleigt til. No betales slikt helst med pengar.

Vossli brevhus pr. Trondheim 24 mars 1947

Guri Sandvoll

339
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Slike höj-tenger som har vore og er ennå i bruk her.



339



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING